



Sjøkanten Eiendomsutvikling AS

Alverneset 24

5916 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2743 - 18/30252

Saksbehandlar:

Knut Bjørnevoll

KBJ@lindas.kommune.no

Dato:

03.10.2018

## Førerels svar med trøng for tilleggsdokumentasjon - gnr 147/26 Sellevoll

Tiltak: parkeringsplass, utfylling, kaifront  
Byggjestad: Gbnr: 147/26 Skarsvegen 670  
Tiltakshavar: Sjøkanten Eiendomsutvikling AS  
Ansvarleg søker: Sjøkanten Eiendomsutvikling AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.09.2018.

### Mottakskontroll

Søknaden oppfyller ikkje krava til

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

### Dispensasjonssøknad

Som vi skreiv i e-post den 14.12.2017: Planen har ikkje byggegrense mot sjø, så alle tiltak på land og i sjø må ha dispensasjon frå pbl § 1-8 (sjå tolkingsskriv frå departementet). Skriv ein enkel søknad, som brev, eller bruk siste to sider i rettleiaren

### Areal og volum

Vi må ha meir opplysningar om høgde på skjeringar, volum på utsprengt fjell, nytt areal på utfylt område, lengder på kafrontar og eit par profil av parkeringsplassen. Får du plass til all steinen, eller må du kjøra vekk masse?

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 24.10.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Høyring

Vi sender saka på høyring. Du får kopi av høyringsbrevet.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01  
Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

**Handsaming etter hamnelova.**

Vi kjem til å handsama dispensasjonssøknaden først. Vi kan ikkje gje løyve i eitt trinn eller igangsettingsløyve før vedtak frå Bergen og omland havnevesen ligg føre. Du kan senda søknad tol BOH med kopi til kommunen, eller vi sender saka over for handsaming etter særlov når dispensasjon ligg føre.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen - ny 2017  
dispensasjon-nynorsk

**Kopi til:**

Sjøkanten Eiendomsutvikling AS      Alverneset 24      5911      ALVERSUND

**Mottakarar:**

Sjøkanten Eiendomsutvikling AS      Alverneset 24      5916      ISDALSTØ